

Problemretta veiledning i gruppe (Hege's variant)

Etter Lauvås, Lycke og Handal (2004) modellen

Målet med denne øvinga er å illustrere meininga av struktur og progresjon i veiledninga.

Veiledninga skal handle om eitt reelt, konkret problem, presentert av ein i gruppa (kalla vegsøkar). Problemet skal vere eit reelt/autentisk problem henta frå vedkommande sitt arbeidsfelt, som handlar om det praktiske arbeidet i barnehagen eller skulen. Problemet skal behandlast med respekt slik denne personen opplever det i arbeidssituasjonen. Det er ikkje eit allment problem som skal diskuterast, men ein person skal veiledast om eit konkret problem vedkommande har. Prosedyren er gitt nedanfor. Det er viktig at denne vert følgd. De bør i fellesskap hjelpe til med dette og akseptere at ordstyrar utøver god styring av veiledningsøkta. Vær presise og kortfatta i spørsmål og svar. Bruk gjerne ein observatør.

Leiaren er ordstyrar og ansvarleg for at prosedyren vert følgd:

- Ordet skal gå frå person til person med sola
- Alle kan seie «pass» om ønskeleg når turen kjem til dei (og melde seg på med innspel seinare sjølv om ein har sagt pass)
- Det er ikkje høve til å gripe ordet utanom tur, med mindre det er snakk om kortfatta oppklarande spørsmål om arbeidsforma/prosedyren.

Leiaren skal notere frå det som vert sagt i fleire av fasane (1, 2, 5 og 6). Leiaren deltek normalt ikkje sjølv med problem eller forslag, men konsentrerer seg om leiarfunksjonen. Leiaren kan velje å kommentere prosessen etter kvar fase, men eg rår til at leiaren ventar med å kommentere undervegs til han/ho har fått god trening i å leie øvinga.

De skal i fase 8 summere opp erfaringar og opplevingar etterpå med tanke på veiledning i sin alminnelegheit. Vent med dei erfaringar og refleksjonar du gjer deg undervegs, til denne samtalen. Noter gjerne ned tankar du gjer deg i løpet av dei ulike fasane.

Arbeidsmåte/prosedyren:

Fase 1: Presentasjon

Kvar deltakar presenterer kortfatta eit **konkret problem/utfordring frå sin eigen arbeidssituasjon**. Ikkje dikt opp eit problem, men presenter eit aktuelt yrkesmessig problem du står oppe i, og som du faktisk kunne tenkt deg å få lufta med andre. Det skal vere eit problem/utfordring/situasjon du står ovanfor, og som du skal forholde deg til. Ikkje bli redd for å vere personleg. Leiaren noterer problemformuleringane på tavle eller eit stort ark.

Fase 2: Problemval

Kvar deltakar fortel etter tur kva (kven sitt) problem, presentert i fase 1, dei ønskjer å gå nærare inn på. Gruppa bestemmer så kva problem som skal takast opp. Den enklaste måten å gjere dette på er å ta ei rask runde der alle seier kva problem dei helst vil arbeide med, eller at ein vurderer kva problem det hastar mest med å få tatt opp. Pass på:

- Ikkje slå saman problem som liknar kvarandre. Det skal vere eitt konkret problem til ein av deltakarane som skal danne grunnlaget for det vidare arbeidet
- Hugs teieplikt innafør gruppa

Fase 3: Utdjuping av problemet (ca 5 min)

Vegsøkar (problemeigar) gjer nærare greie for problemet. Det er ikkje høve for andre til å stille spørsmål i denne fasen

Fase 4: Avklaring av problem og av situasjonen (20-30 min)

Gjennom spørsmål og svar skal de no prøve å setje dykk inn i, og prøve å **forstå** kva problemet går ut på frå vegsøkar sin ståstad. Etter tur stiller kvar einskild **eitt** spørsmål og vegsøkar svarer.

- Få ei allsidig og grundig utgreiing av problemet
- Alle stiller eitt spørsmål kvar. Unngå tilleggsspørsmål, vent til neste runde.
- Unngå råd som kamuflerte spørsmål i denne fasen (døme: Har du tenkt på at du kunne....?). Spørsmål innleia med spørjeord som kven, kva, korleis og kva er gode til å kaste lys på saka

Viktig: Fase 4 avrundast ved at kvar einskild skriv ned si forståing av vegsøkar sitt problem

Fase 5: Eigne løysingsforslag (5 min)

Vegsøkar (problemeigar) gjer greie for for kva han/ho sjølv kan tenkje seg å gjere med problemet og grunngje kvifor (tidlegare erfaringar, grunnleggande verdiar, læringssyn...mm). Leiaren noterer problemeigar sitt løysingsforslag/tiltak på tavla eller eit stort ark. Problemeigar skal godkjenne formuleringane

Fase 6: Råd (ca 20 min)

Etter tur får kvar einskild i gruppa høve til å komme med eitt råd. Leiaren noterer ned råda på tavla/arket etter kvart, under punkta frå fase 5. Den som gir rådet, skal sjølv formulere det som vert skrive ned. Grunngje rådet (erfaringsbasert, teoribasert). Ta gjerne fleire rundar, ofte kan medlemmane i gruppa komme på nye råd undervegs når dei høyrer på andre. Unngå å kommentere eller diskutere andre sine råd i denne fasen

Fase 7: Evaluering av råd (5 min)

Vegsøkar (problemeigar) går igjennom lista med råd og merkar av med minus dei råda som etter vedkommande sitt synspunkt er uaktuelle (du kan gjerne grunngje kvifor) og med pluss på dei råd som vedkommande opplever som gode råd i den aktuelle situasjonen akkurat no.

Fase 8: Oppsummering/evaluering/refleksjon

I denne fasen har ein fokus på sjølve veiledningsøkta.

- Korleis opplevde vegsøkar (problemeigar) øvinga?
- Kva utbytte hadde vegsøkar (problemeigar) av veiledninga?
- Kva opplevde dei andre deltakarane?
- Korleis opplevde leiaren økta?
- Kva erfaringar har de har gjort dykk som er viktige å ta med til neste gong?

Hege Fimreite

Januar 2023